



MØTEPROTOKOLL

Utval: Tenesteval for helse og omsorg
Møtestad: Voldsfjorden, Volda Rådhus
Dato: 07.03.2019
Tid: 13:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Hild Våge	Leiar	AP
Benedikte Holmberg	Nestleiar	V
Ivar Otto Kristiansen	Medlem	H
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Dag Sveinung Aarflot	Medlem	SP
Erlend Krumsvik	Medlem	U
Arne Ullaland	Medlem	AP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Inger Tove B. Simonnes	Erlend Krumsvik	KRF

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Svein Berg-Rusten	Kommunalsjef innan Helse og omsorg
Elin Høydal Vatne	Einingsleiar innan Rus- og psykisk helseteneste



SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 3/19	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 4/19	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
OS 5/19	Orienteringssaker
OS 6/19	Trondheim kommune står fullt og heilt bak prosjektet Helseplattforma
OS 7/19	Referat ordførar rådmannsmøte 08.02.19
OS 8/19	Melding om politisk vedtak - Val av nye varamedlemer i kontrollutvalet
OS 9/19	Melding om politisk vedtak - Økonomistyring 2019
PS 5/19	Offentleg anskaffing av legemiddel

PS 3/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming:

Det var fire røysteføre ved møtestart. Møtet vart starta på Prestegarden, der Gnisten dagsenter no held hus. Einingsleiar for rus- og psykisk helsesteneste, Elin Høydal Vatne, orienterte om endring av lokaler og korleis dei byggjer opp tenesta i nye lokaler.

Ivar Otto Kristiansen møtte 13:30. Det var fem røysteføre. Tenesteutvalet for helse og omsorg fekk omvising på Prestegarden og komme med spørsmål.

Tenesteutvalet for helse og omsorg fortsette møtet på møterom Voldsfjorden kl 14:10.

Innkalling:

Det var ingen merknadar til innkallinga.

Sakliste:

Leiar Hild Våge bad om at «Offentleg anskaffing av legemiddel» vert sett på saklista.

Røysting:

Innkalling og sakliste med tillegg frå Hild Våge vart samrøystes godkjent.



PS 4/19 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Det var ingen merknadar til møteprotokollen frå forrige møte 07.02.2019.

Røysting:

Møteprotokollen frå møtet 07.02.2019 vart samrøystes godkjent.

OS 5/19 Orienteringssaker

OS 6/19 Trondheim kommune står fullt og heilt bak prosjektet Helseplattforma

Handsaming:

Kommunalsjef for helse og omsorg, Svein Berg-Rusten, orienterte og svarte på spørsmål om Helseplattforma og grunnen for at Trondheim kommune valgte å gå ut med ein uttale.

OS 7/19 Referat ordførar rådmannsmøte 08.02.19

Handsaming:

Kommunalsjef for helse og omsorg, Svein Berg-Rusten, orienterte om analysen til Bjørn Brox frå Agenda kaupang, der Ulstein kommune vart framheva for å ha gjort kloke val i helse- og omsorg i høve struktur og sentralisering av kjernetenester sektoren har ansvar for. Vidare orienterte Kommunalsjefen om ordninga omkring ressurskrevjande tenester og kommunalt register for utviklingshemma, og om innovasjons-prisen som tilsette innan helse og omsorg, og opplæring og oppvekst der det er mogleg med eit tverrfagleg samarbeid.

OS 8/19 Melding om politisk vedtak - Val av nye varamedlemer i kontrollutvalet

Tenesteutvalet for Helse og omsorg tek saka til vitande.

OS 9/19 Melding om politisk vedtak - Økonomistyring 2019

Handsaming:

Kommunalsjef for helse og omsorg, Svein Berg-Rusten, orienterte om innsparing innan helse og omsorg, blant anna ved gradvis å redusere på Mork bustadar. Det vart diskutert fleire høve for innsparingar innan helse og omsorg.

PS 5/19 Offentleg anskaffing av legemiddel

Handsaming:

Saka vart sett på saklista i møtet.

Kommunalsjef for helse og omsorg, Svein Berg-Rusten, orienterte om at det er oppdaga alvorlege feil i pakkar med ferdigdoserte tablettar frå Norsk Medisinaldepot (NMD). Dette fører



VOLDA KOMMUNE

til meirarbeid for dei tilsette i helse- og omsorg, då dei må gå igjennom kvar dosering for å kontrollere at det er riktig dose tablettar i pakken. Grunna at avtala er inngått med Norsk Medisinaldepot og at dei i vår region er representert av Vitus apotek må ein få leveranse frå Ålesund, noko som tar tid og kostar mykje for Volda kommune.

Ivar Otto Kristiansen fremma følgjande fellesframlegg frå THO:

Tenesteutvalet for helse og omsorg (THO) er uroa over det ein vert orientert om i samband med anskaffing av legemiddel, og ber om at Volda Kommune søker å starte eit felles styrka innkjøpssamarbeid med region Søre Sunnmøre for å oppfylle anskaffelseslova. Gjerne utvida samarbeid mot Nordfjord-regionen.

Røysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Tenesteutval for helse og omsorg - 07.03.2019:

Tenesteutvalet for helse og omsorg (THO) er uroa over det ein vert orientert om i samband med anskaffing av legemiddel, og ber om at Volda Kommune søker å starte eit felles styrka innkjøpssamarbeid med region Søre Sunnmøre for å oppfylle anskaffelseslova. Gjerne utvida samarbeid mot Nordfjord-regionen.

Møtet slutt kl 16:00.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
08.03.2019

Sunniva Utnes Kvangarsnes
Konsulent